




Åtte dagar før valet kom klima- og miljøvernminister Sveinung Rotevatn (V) til museumsdirektør Åsmund Kristiansen (t.v.) for å fortelja at staten vil løyva pengar til prosjektet «Tett på». Foto: Sander Eide Aase

Lovar full pott til fartøyvernssenteret



Sundag kom klima- og miljøvernminister Sveinung Rotevatn igjen til Hardanger fartøyvernssenter, berre veker etter førre besøk. Denne gongen la han meir att etter seg i byte for lefser og kaffi.

Sander Eide Aase

redaksjon@hf.no

Publisert: 06.09.2021 10:15

Sist oppdatert: 10:57

Berre 38 dagar etter at statsråden sist vitja museet i Norheimsund, var han tilbake – åtte dagar før stortingsvalet.

Denne gongen hadde ministeren bede både lokale venstrefolk og leiinga ved fartøyvernssenteret om å møta opp. HF fekk «tilkalling» sundag morgon. Nokre av

dei frammøtte hadde kanskje ei aning om kva som var i vente.

— Me får ta ein prat, eg og Abid Raja, og så får me sjå kva me får til, sa statsråden [førre gong han vitja Norheimsund](#).

Kostesam prat

Det var då snakk om søknaden som fartøyvernsenteret hadde sendt inn til Kulturdepartementet om stønad til utviklingsprosjektet *Tett på*. Det kan sjå ut til at praten mellom dei to partifellane hadde gått bra, for Rotevatn kunne røpa at søknaden resulterer i tilsegn om fem millionar kroner i neste års statsbudsjett, og ytterlegare 33 millionar i 2023-budsjettet. Til saman vert det heile summen på 38 millionar som fartøyvernsenteret har bede om frå staten.

— Det er lov å vera glad i dag, sa direktør i Hardanger og Voss museum, Åsmund Kristiansen då han fekk nyhendet.

Han er svært glad for at staten løyver pengar til prosjektet. Direktøren fortalde med entusiasme om både prosjektet og historia til Hardanger fartøyvernsenter. Statsråden er imponert over kva museet har gjort, både med tanke på arbeidsplassar og sentrums- og tettstadutvikling i Norheimsund.

— No gler me oss berre til prosjektet vert ferdig, seier Rotevatn.

Har tru på valet

Kristiansen seier at han vonar at den siste meiningsmålinga til BT vart valresultatet, og at Rotevatn får ein plass på tinget.

— Med ein som deg på rett plass satsar me på å vera ferdige i løpet av neste stortingsperiode, seier Kristiansen til statsråden.

Det er ikkje berre statsråd Rotevatn som får skryt. Også Kvam Venstre, [eit lokallag som no er lagt ned](#), hausta lovord frå dei frammøtte søndag.

Artikkelen held fram under annonsen.

— Me har hatt mange besøk frå ulike parti her, men ingen har vist ei handlekraft slik som Venstre, seier seniorkonsulent Geir Madsen, som sjølv sit i heradsstyret for SV.

Kristiansen framhevar at i denne saka har V fronta god distriktspolitikk.

— Mykje av distriktsopprøret på kulturfeltet handlar om Oslo—Bergen-konflikten, påpeikar direktøren.

Han meiner at det er godt gjort å satsa på dei musea som ligg utanfor dei største byane. Likevel inviterer Kristiansen gjerne ministeren tilbake på besøk. Det han kjem til å jobba med no, er dei årlege løyvingane til opprusting og vern av freda fartøy. Den ordninga har no vorte overlata til fylka, som igjen fører til at mange større prosjekt vert lagde litt på is. Eit døme er fartøyvernsenteret si eiga bilferje, MF «Folgefonn».

— Der har me nok ein veg å gå. Eg skal få sjekka det, seier Rotevatn.

Statsråden legg vekt på at noko av det viktigaste ein kan ta vare på, er kunnskapen og fagmiljøet rundt fartøyvern.

Politisk turné

Sundag vitja Rotevatn mange stader i Hordaland, som er valdistriktet han stiller som fyrstekandidat i. Nordfjordingen fekk mellom anna laga si eiga takhelle, møtt pådrivarar for biogassanlegg, stått på stand og sist, men ikkje minst delt altså ut 38 millionar til fartøyvernsenteret.

— Det er travle dagar, innrømmer statsråden med berre vel éi veke att til valet.

Gjennom ein dag med aktiv valkamp vert det ein del gåver. Også Hardanger fartøyvernsenter hadde noko til ministeren, nemleg ein håv laga av Petter Helland-Hansen, som er leiar for småbåtverkstaden ved museet.

— No kan du driva aktivt stemmefiske dei siste dagane, lo ein nøgd direktør.

Artikkelen held fram under annonsen.

Etter ein snau time med historikk, milliondryss og drøs måtte ministeren tura vidare i valkampen. Men pengane vart att i Kvam denne gongen.

HF gjer merksam på at journalisten er tilknytt Senterpartiet. Red.